



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Samfunnshuset i Volda  
**Dato:** 27.10.2016  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Jakob Kolbein Helset	Sindre Kvangarsnes	FRP
Ivar-Otto Kristiansen	Sindre Rotevatn	H



## VOLDA KOMMUNE

Petter Espe	Dan Helge Bjørneset	H
Margaret Theresa R. Kornberg	Arild Iversen	KRF
Helge Johan Standal	Øyvind Festø	MDG
Kari Aslaug Hasle	Gunnar Strøm	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Henrik Skovly	Økonomisjef
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 120/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 121/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 136/16	<b>2.Tertialrapport 2016</b>
OS 44/16	<b>Månadsrapport september 2016</b>
PS 122/16	<b>Fellesnemnd Hornindal-Volda – Oppgåver</b>
PS 124/16	<b>Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar</b>
PS 125/16	<b>Midlertidige bustadar Engesetvegen 28, fjerning, reetablering og tilordning av tomt</b>
PS 126/16	<b>Ny renovasjonsordning kommunale utleige bygg</b>
PS 127/16	<b>ROP-bustader - oppstart av bygging</b>
PS 128/16	<b>Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin - søknad om kommunal garanti for lån</b>
PS 129/16	<b>Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019</b>
PS 123/16	<b>Kommunereforma - oppretting av fellesnemnd</b>



## VOLDA KOMMUNE

- PS 130/16 **Kommunalt råd for funksjonshemma - forslag til namneendring og auke i antal medlemmer**
- PS 131/16 **Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2016**
- PS 137/16 **Val av personleg vara for Sindre Kvangarsnes i valnemnda**
- PS 132/16 **Val av meddommere for perioden 2017-2020**
- PS 133/16 **Mathilde M. Sjøhelle Eiksund - fritak frå politiske verv**
- PS 134/16 **Orienteringssaker**
- OS 42/16 **Rapport sjukefråvær 2.kvartal 2016**
- OS 43/16 **Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet den 06.10.16**
- PS 135/16 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 159/16 **Ferdigattest, bustad Gbr 3/35**
- DS 160/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 11/75**
- DS 161/16 **Ferdigattest, garasje Gbr 11/102**
- DS 162/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 11/107**
- DS 163/16 **Ferdigattest, bustad Gbr 17/172**
- DS 164/16 **Løyve til tiltak, parkeingsplass Gbr 19/451**
- DS 165/16 **Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/560**
- DS 166/16 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 19/757**
- DS 167/16 **Løyve til tiltak, tomannsbustad Gbr 20/604**
- DS 168/16 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 30/46**
- DS 169/16 **Mellombels bruksløyve Gbr 59/16**
- DS 170/16 **Løyve til tiltak, riving og oppatbygging av hytte Gbr 107/2**
- DS 171/16 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 123/2**

### **PS 120/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

#### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 19.10.16. Møtet vart annonsert i «Møre» den 22.10.16.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om å legge følgjande saker til på saklista:

- 2. tertialrapport 2016
- Månadsrapport september 2016
- Val av personleg vara for Sindre Kvangarsnes i valnemnda

### **Røysting:**

Sakliste, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

### **Dokument lagt ut på lesebrettet 19.10.16:**

- 2. tertialrapport 2016
- Månadsrapport september 2016

### **Dokument lagt ut på lesebrettet 27.10.16:**

Protokoll frå møte i valnemnda den 26.10.16

### **Dokument delt ut i møtet:**

Protokoll frå møte i valnemnda den 26.10.16

### **Orientering innleiingsvis i møtet:**

Ordføraren informerte om at planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel ligg ute på høyring. Det vert i den forbindelse arrangert opne orienteringsmøte i Volda sentrum, Mork, Folkestad, Dalsfjorden og Austefjorden.

### **PS 121/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 29.09.2016, vart samrøystes godkjent.

### **PS 136/16 2.Tertialrapport 2016**

### **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

1. 2. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.



## VOLDA KOMMUNE

2. *Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
3. *Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

### **Handsaming:**

Saka vart lagt ut på lesebrettet den 19.10.2016.

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

1. *2. Tertialrapport 2016 vert teken til vitende.*
2. *Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)*
3. *Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)*

### **OS 44/16 Månadsrapport september 2016**

### **PS 122/16 Fellesnemnd Hornindal-Volda - Oppgåver**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.*
2. *Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:*
  - *Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.*
  - *Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.*
  - *Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.*
  - *Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane*
3. *Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.*



## VOLDA KOMMUNE

4. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.
5. Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.
6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.
7. Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.
8. Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.

### **Handsaming:**

### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

1. **Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.**
2. **Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:**
  - **Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.**
  - **Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.**
  - **Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.**
  - **Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane**
3. **Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.**
4. **Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.**
5. **Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg**



## VOLDA KOMMUNE

*tilskot.*

- 6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.**
- 7. Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.**
- 8. Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.**

### **PS 124/16 Kommunal garanti - lån til kyrkjelege investeringar**

#### **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

*Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 1.690.000 -, med tillegg av 10% i 36,2 år med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 08.09.2016.*

*Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

*Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme på inntil kr. 1.690.000 -, med tillegg av 10% i 36,2 år med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 08.09.2016.*

*Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetalinga på låna.*

### **PS 125/16 Midlertidige bustadar Engesetvegen 28, fjerning, reetablering og tilordning av tomt**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen.*



## VOLDA KOMMUNE

2. Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.

Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad, FrP, kom med slikt framlegg:

*Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.*

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

Helge Standal, Mdg, kom med slikt framlegg:

*Kommunestyret ber om utgreiing av alternativ lokalisering for rehabilitering av dei midlertidige bustadane i Engesetvegen 28.*

*Kommunestyret ber om at midlertidig bustad under rehabilitering av Røyslida/Smalebakken vert opna ved å leige hus i den ordinære bustadmarknaden.*

Det vart halde gruppemøte.

Første avsnitt i framlegget frå Helge Standal vart handsama som eit utsettingsframlegg.

Kari Hasle reiste spørsmål om habilitet, ho er styreleiar for stiftinga gamlegymnas i Volda, jf. fvl. § 6, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Benedikt Holmberg reiste spørsmål om habilitet, ho er styremedlem i stiftinga gamlegymnas i Volda, jf. fvl. § 6, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Per Krøvel reiste spørsmål om habilitet, han er varamedlem i stiftinga gamlegymnas i Volda, jf. fvl. § 6, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

### **Røysting vedk. habilitet - utsetjingsframlegget:**

Kari Hasle vart kjend inhabil med 23 røyster, ein røysta mot.

Benedikta Holmberg vart kjend inhabil med 23 røyster, ein røysta mot.

Per Krøvel vart kjend inhabil med 23 røyster, ein røysta mot.

Helge Standal trekte framlegget sitt.

Kari Hasle, Benedikte Holmberg og Per Krøvel tok sete.





## VOLDA KOMMUNE

Odd A. Folkestad sitt framlegg, med tilføyning (kulepunkt 2), vart reist som eit fellesframlegg frå partia: H, KrF, FrP og Mdg.

*Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.*

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom fellesframlegget frå H, KrF, FrP og Mdg og tilrådinga frå formannskapet. Fellesframlegget fekk 17 røyster og vart vedteke, tilrådinga frå formannskapet fekk 10 røyster og fall.

**Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

*Den bustadsosiale sida av saka må utgreiast betre, kommunestyret ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette vert fagleg vurdert.*

- *Dei 4 bueiningane vert rivne straks og midlertidig lagra.*
- *Kostnaden ved rivinga vert å kome attende til i seinare løyvingssak*
- *Kva desse 4 bueiningane seinare skal nyttast til vil kommunestyret gjere vedtak om når den aktuelle saka frå rådmannen vert handsama.*

**PS 126/16 Ny renovasjonsordning kommunale utleige bygg**

**Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret godkjenner samarbeidstiltaket i samarbeid med VØR for å etablere ei meir miljøvenleg avfallsordning for 6 lokasjonar i tilknytning til kommunale bustader.*

2. *Kommunen sin eigenandel er rekna til kr 970 000 ink mva. Kostnaden vert dekt ved låneopptak. Kapitalkostnadene er stipulert til kr 50 000 i året og vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

3. *Finansiering:*

*Momskompensasjon (del kommunal bustad 60%) Kr 116.400*

*Låneopptak Kr 853.600*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):



## VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

**1. Kommunestyret godkjenner samarbeidstiltaket i samarbeid med VØR for å etablere ei meir miljøvenleg avfallsordning for 6 lokasjonar i tilknytning til kommunale bustader.**

**2. Kommunen sin eigenandel er rekna til kr 970 000 inkl mva. Kostnaden vert dekt ved låneopptak. Kapitalkostnadene er stipulert til kr 50 000 i året og vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.**

### **3. Finansiering:**

**Momskompensasjon (del kommunal bustad 60%) Kr 116.400**

**Låneopptak Kr 853.600**

### **PS 127/16 ROP-bustader - oppstart av bygging**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

**1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og godkjenner at det vert skrive kontrakt for å starte opp bygginga av ROP-bustader innanfor ein kostnadsramme på kr 23 mill inkl mva.**

**2. Prosjektet ligg innanfor planlagt finansiering i budsjett og økonomiplanen 2016 - 2019 og vert følgt opp i samband med handsaminga av budsjett 2017.**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

**1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og godkjenner at det vert skrive kontrakt for å starte opp bygginga av ROP-bustader innanfor ein kostnadsramme på kr 23 mill inkl mva.**

**2. Prosjektet ligg innanfor planlagt finansiering i budsjett og økonomiplanen 2016 - 2019 og vert følgt opp i samband med handsaminga av budsjett 2017.**



## VOLDA KOMMUNE

### PS 128/16 Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin - søknad om kommunal garanti for lån

#### Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:

*Volda kommune gjev garanti til Vestsida il for eit lån på kr. 400.000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i samsvar med lånetilsegn datert 26.09.2016.*

*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

- 1. Garantien er ein simpel kausjon.*
- 2. Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og kompensasjon for mva. til anlegget..*

#### Handsaming:

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016

*Volda kommune gjev garanti til Vestsida il for eit lån på kr. 400.000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i samsvar med lånetilsegn datert 26.09.2016.*

*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

- 1. Garantien er ein simpel kausjon.*
- 2. Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og kompensasjon for mva. til anlegget..*

### PS 129/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019

#### Kontrollutvalet si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek å prioriterere flg. prosjekt for utføring i planperioden 2016-2019:*
  - Teknisk drift - organisering*
  - Kostnadsanalyse institusjonar og heimebasert omsorg*
  - Kvalitet/tenestetilbod rus og psykiatri*
  - Sjølvkost vatn og avløp*
  - Barnevern*
  - PPT. Utgreiingskapasitet og førebyggjande arbeid*
  - Kostnadsanalyse sentraladministrasjonen*
- 2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioriteringa i perioden.*



## VOLDA KOMMUNE

3. *Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekket inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).*
4. *Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.*

### **Handsaming:**

Leiar for kontrollutvalet, Ronald Hagen, orienterte om saka.

### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

1. *Kommunestyret vedtek å prioriterere flg. prosjekt for utføring i planperioden 2016-2019:*
  - *Teknisk drift - organisering*
  - *Kostnadsanalyse institusjonar og heimebasert omsorg*
  - *Kvalitet/tenestetilbod rus og psykiatri*
  - *Sjølvkost vatn og avløp*
  - *Barnevern*
  - *PPT. Utreiingskapasitet og førebyggjande arbeid*
  - *Kostnadsanalyse sentraladministrasjonen*
2. *Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioriteringa i perioden.*
3. *Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekket inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).*
4. *Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.*

### **PS 123/16 Kommunereforma - oppretting av fellesnemnd**

#### **Handsaming:**

Valnemnda hadde saka oppe til handsaming den 26.10.2016, der dei gjorde vedtak om å utsetje saka.

Kommunestyret var samde om å handsame saka etter matpausen kl. 16.45.



## VOLDA KOMMUNE

Det vart levert inn fellesliste frå partia AP, SP, V, SV og MDG:

1. *Jørgen Amdam*
2. *Fride Sortehaug*
3. *Odd Harald Sundal*
4. *Hild Våge*
5. *Gunnar Strøm*
6. *Sølvi Dimmen*
7. *Øyvind Festø*
8. *Margrete Trovåg*

Det vart levert inn fellesliste frå partia KrF, FrP og H:

1. *Margrete Bjerkvik*
2. *Odd A. Folkestad*
3. *Dan Bjørneset*
4. *Arild Iversen*
5. *Roald Espset*
6. *Sindre Rotevatn*

### **Røysting:**

Felleslista frå AP, SP, V, SV og MDG fekk 14 røyster og felleslista frå KrF, FrP og H fekk 13 røyster.

*Følgjande medlemer vart samrøystes valt til medlemer i den midlertidige fellesnemnda: Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik og Odd A. Folkestad.*

*Følgjande varamedlemer vart samrøystes valt for partia AP, SP, V, SV og MDG: Hild Våge, Gunnar Strøm, Sølvi Dimmen, Øyvind Festø, Margrete Trovåg.*

*Følgjande varamedlemer vart samrøystes valt for partia Frp, H og KrF: Dan Bjørneset, Arild Iversen, Roald Espset og Sindre Rotevatn.*

### **Vedtak i Kommunestyret - 27.10.2016**

***Kommunestyret vel Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik og Odd A. Folkestad som medlemmer og Hild Våge, Gunnar Strøm, Sølvi Dimmen, Øyvind Festø, Margrete Trovåg (for partia AP, SP, V, SV og MDG), Dan Bjørneset, Arild Iversen, Roald Espset og Sindre Rotevatn (for partia Frp, H og KrF), som varamedlemmer til den midlertidige fellesnemnda.***



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 130/16 Kommunalt råd for funksjonshemma - forslag til namneendring og auke i antal medlemmer**

#### **Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

- 1. Formannskapet tilrår at rådet endrar namn til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 2. Utvalet skal ha sju medlemmer, fortrinnsvis fem frå brukarorganisasjonane.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

- 1. Rådet endrar namn til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 2. Utvalet skal ha sju medlemmer, fortrinnsvis fem frå brukarorganisasjonane*

### **PS 131/16 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august 2016**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

#### **Handsaming:**

Edvin Dale, FrP, kom med slikt framlegg til tilleggspunkt:

*Kommunestyret ber formannskapet oppnemne ei nemnd til å gå gjennom "vedtaksloggen" slik den no ligg føre. Nemnda skal ta vekk alle "uaktuelle" prosjekt frå vedtaksloggen, og legge denne fram for kommunestyret til orientering og godkjenning. Den nye ajourførte vedtaksloggen skal kunne handsamast i kommunestyret i møte den 15. desember 2016*

#### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet, med tillegget frå Edvin Dale, vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016**

*Kommunestyret tek rapporten til orientering.*

*Kommunestyret ber formannskapet oppnemne ei nemnd til å gå gjennom "vedtaksloggen" slik den no ligg føre. Nemnda skal ta vekk alle "uaktuelle" prosjekt frå vedtaksloggen, og*



## VOLDA KOMMUNE

*legge denne fram for kommunestyret til orientering og godkjenning. Den nye ajourførte vedtaksloggen skal kunne handsamast i kommunestyret i møte den 15. desember 2016.*

### **PS 137/16 Val av personleg vara for Sindre Kvangarsnes i valnemnda**

#### **Tilråding i valnemdna – 26.10.2016 til kommunestyret:**

*Edvin Dale vert vald til personleg vara for Sindre Kvangarsnes i valnemnda.*

#### **Handsaming:**

Protokoll frå møtet i valnemnda 26.10.16, vart lagt fram i møtet.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016**

*Edvin Dale vert vald til personleg vara for Sindre Kvangarsnes i valnemnda.*

### **PS 132/16 Val av meddommere for perioden 2017-2020**

#### **Tilråding i Valnemnda - 26.10.2016 til kommunestyret:**

*Som medlem i tingretten blir Ottar Arve Bjørkedal, Sindre Jon Løvik og Inge Bruheim valt.*

#### **Handsaming:**

Protokoll frå møtet i valnemnda 26.10.16, vart lagt fram i møtet.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

*Som medlem i tingretten blir Ottar Arve Bjørkedal, Sindre Jon Løvik og Inge Bruheim valt.*

### **PS 133/16 Mathilde M. Sjøhelle Eiksund - fritak frå politiske verv**

#### **Tilråding i Valnemnda - 26.10.2016 til kommunestyret:**

- 1. Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.*
- 2. Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*



## VOLDA KOMMUNE

- 3. Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
- 4. Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

### **Handsaming:**

Protokoll frå møtet i valnemnda 26.10.16, vart lagt fram i møtet.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:**

- 1. Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.*
- 2. Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*
- 3. Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
- 4. Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

### **PS 134/16 Orienteringssaker**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

### **OS 42/16 Rapport sjukefråvær 2.kvartal 2016**

### **OS 43/16 Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet den 06.10.16**

### **PS 135/16 Delegerte saker frå avdelingane**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.





## VOLDA KOMMUNE

**DS 159/16 Ferdigattest, bustad Gbr 3/35**  
**DS 160/16 Mellombels bruksløyve Gbr 11/75**  
**DS 161/16 Ferdigattest, garasje Gbr 11/102**  
**DS 162/16 Mellombels bruksløyve Gbr 11/107**  
**DS 163/16 Ferdigattest, bustad Gbr 17/172**  
**DS 164/16 Løyve til tiltak, parkeingsplass Gbr 19/451**  
**DS 165/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/560**  
**DS 166/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 19/757**  
**DS 167/16 Løyve til tiltak, tomannsbustad Gbr 20/604**  
**DS 168/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 30/46**  
**DS 169/16 Mellombels bruksløyve Gbr 59/16**  
**DS 170/16 Løyve til tiltak, riving og oppatbygging av hytte Gbr 107/2**  
**DS 171/16 Løyve til tiltak, garasje Gbr 123/2**

Møtet slutt kl. 17:10

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
31.10.2016

Sonja Håvik  
konsulent